



Stendal VVS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/640 - 16/11196

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
03.06.2016

Godkjenning - søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg, gbnr 4/62

Administrativt vedtak. Saknr: 173/2016

Saksutgreiing:

Saka gjeld tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg for nytt bustadhus i Beitingen på eigedomen gbnr 4/62. Bustadhuset vart godkjent oppført i sak DNT.156/2015.

Det gjekk da fram av innsendt dokumentasjon, situasjonskart med innteikna tracè dagsett 23.02.2015, at det nye bustadhuset skulle koplast til kommunalt VA-anlegg. Det låg også føre naudsynt erklæring som gav eigedomen gbnr 4/62 rett til å leggja VA-leidningar over eigedomen gbnr 4/5, men sjølve søknaden om tilkopling mangla. I godkjenningsvedtaket for bustadhuset vart det sett vilkår om at slik søknad snarast måtte sendast inn. Ved ein inkurie vart dette ikkje følgt opp verken frå ansvarleg søkjar, tiltakshavar eller kommunen.

I samband med registrering av kommunale avgifter for eigedomen gbnr 4/62 vart det oppdaga at søknad om tilkopling ikkje var sendt inn eller handsama. Ansvarleg søkjar vart straks kontakta.

Kommunen mottok 27.05.2016 søknad frå Stendal VVS om tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Vurdering:

Administrasjonen legg til grunn at ansvarsrettar for tilkoplinga vart godkjent i byggesaka, sak DNT.156/2015 og at tilkoplingsavgifta difor vert sett til kr 10 000 for vatn og kr 10 000,- for kloakk pluss mva. Kommunen har ingen merknad til at eigedomen gbnr 4/62 vert tilkopla kommunalt vass- og avlaupsanlegg.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustadhus på gbnr 4/62 vert tilknytta kommunalt vass- og avlaupsanlegg i samsvar med situasjonskart og ansvarsrettar motteke 04.03.2015 og søknad motteke 27.05.2016, og på følgjande vilkår:

- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknytinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gebyrregulativ for 2015, jf vurderinga ovanfor, kr 10 000,- for vatn og kr 10 000,- for kloakk pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar vart godkjent i sak DNT.156/2015.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilkopling VA 4-62

Kopi til:

Dag Eivind Hagesæter
Pål Fredrik Solberg Kaupanger

Øvre Kråkenes 66 5152
Rotevikshaugen 28 5918

BØNES
FREKHAUG

Mottakere:

Stendal VVS